

## Intensjonsavtale mellom kommunane i Nordhordland om oppretting av MUSEUMSTENESTA FOR NORDHORDLAND

### FØREMÅL

Museumstenesta for Nordhordland skal ha som føremål å styrkje og samordne arbeidet med forvaltning og formidling av kunnskapen om historie, kulturmiljø og kulturlandskap i Nordhordlandsregionen, med spesiell vektlegging på samarbeids- og samordningstiltak.

### ORGANISERING

Tenesta skal vere del av den konsoliderte museumseininga Museumssenteret i Salhus.

Museumssenteret i Salhus skal ha ansvar for administrasjon og drift av Museumstenesta for Nordhordland.

Styret for Museumssenteret i Salhus kan etablere ei ressursgruppe for Museumstenesta i Nordhordland. Regionrådet Nordhordland IKS skal komme med innstilling til samansetning av gruppa.

Ressursgruppa skal medverke til samhandling og utvikling og representere dei regionale kulturelle og lokalhistoriske interessene. Gruppa skal verte halden orientert om arbeidet til Museumstenesta i Nordhordland og få planar til uttale.

Museumstenesta for Nordhordland er sekretær for ressursgruppa.

### VERKSEMD

Museumstenesta vil supplere den eksisterande kulturverntenesta for Nordhordland og vil førebels bestå av ei kulturvern- og ei museumsfagleg teneste.

*Kulturverntenesta* er eit tilbod til private og kommunar i Nordhordland og skal gje råd, vurderingar og rettleiing i samband med vern og bevaring av freda og verneverdige bygningar og andre faste kulturminne.

Tenester: Antikvarisk rådgjeving i Nordhordland, gje råd og rettleiing m.o.t. utarbeiding av restaureringsplanar for private eigarar av freda og verneverdige bygningar, yte hjelp og rettleiing med omsyn til å skrive søknadar om offentlege midlar, oppfølging av istandsetting av verneverdige bygg med offentlege midlar frå Hordaland Fylkeskommune, kulturminnefaglege fråsegn i regionen etter oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune, innsamling og systematisering av dokumentasjonsmateriale om faste kulturminne og kulturmiljø i Nordhordland, antikvarisk vurdering av tiltak på Museumssenteret sine bygningar.

Kulturverntenesta er del av Hordaland Fylkeskommune sitt faglege nettverk innan kulturminnevern. For tida er det tilsett ein sivilarkitekt til å ivareta tenesta

*Museumsfagleg teneste* skal vere eit tilbod til private og kommunar i Nordhordland og skal gje råd, vurderingar og rettleiing i samband med drift av museum og lokalhistoriske miljø i regionen. Tenesta skal primært vektleggje formidlingssida og støtte opp under og ta initiativet til aktuelle ABM-samarbeidstiltak, mellom anna samarbeid med bibliotektenesta i regionen.

Tenester/oppgåver:

- Vere pådrivar og initiativtakar til formidlings- og undervisningstiltak på museumsområdet.
- Opprette eit museumsnettverk i samarbeid med museums- og kulturminnemiljøet i regionen.
- Gjennomføre ei samla kartlegging av museum, kulturminnemiljø og kulturlandskap i regionen.
- Yte hjelp til utarbeiding av utviklingsplanar for einskildmiljø, kommunar og region.
- Delta i utforminga av tematisk ansvarsfordeling og satsingsområde i og mellom Nordhordlandskommunane etter mønster frå fagspesialiseringa i biblioteka.

Det skal opprettast eit årsverk som museumsfagleg konsulent ved Museumsfagleg teneste for Nordhordland. Stillinga vert finansiert som eit spleiselag mellom kommunane i regionen, fylkeskommunen og Staten. Kommunane betaler samla kr 200.000 av stillinga. Fordeling kommunane imellom; Kr 10.000 + resten fordelt etter innbyggjartal, med basis i folketallet 1. januar i budsjettåret.

Døme:

KOMMUNE	INNBYGGJARTAL (pr.1.januar 2006 /ssb-tal)	%	Fast sum	Betaling etter innbyggjartal	Samla betaling pr kommune
Austrheim	2 485	8,56	Kr 10.000	Kr 11.128	Kr 21.128
Fedje	638	2,20	Kr 10.000	Kr 2.860	Kr 12.860
Lindås	13 285	45,78	Kr 10.000	Kr 59.514	Kr 69.514
Masfjorden	1 693	5,83	Kr 10.000	Kr 7.579	Kr 17.579
Meland	5 931	20,44	Kr 10.000	Kr 26.572	Kr 36.572
Modalen	354	1,22	Kr 10.000	Kr 1.586	Kr 11.586
Radøy	4 635	15,97	Kr 10.000	Kr 20.761	Kr 30.761
Nordhordland	29021	100	Kr 70.000	Kr 130.000	Kr 200.000

INTENSJONSAVTALEN GJELD inntil ein av partane ønskjer revisjon.

....., den .....2006

For Austrheim kommune:

.....

For Fedje kommune:

.....

For Lindås kommune:

.....

For Masfjorden kommune:

.....

For Meland kommune:

.....

For Modalen kommune:

.....

For Radøy kommune:

.....